

Straumen er eit fellesgode for det norske folk

Frå gammalt av vart fisken i havet sett på som eit felleseige for det norske folket. Då elektrifiseringa av landet starta, vart straumen sett på som eit fellesgode for hushaldningar, industri og oss alle. For industrien var dette svært gunstig, for prisen på straumen var rimeleg og industriverksemdene, særleg smelteverka, var billeg straum ein konkurransefordel ovanfor konkurrentane i utlandet.

Vasskrafteventyret var ei vitamininnsprøyting i det fattige norske samfunnet, og den materielle velstanden vart betre for folk flest.

Oljeeventyret, med utvinning av olje og gass frå norsk sokkel, har vidareført velstandsutviklinga i Noreg. Inntektene til den norske staten frå olje- og gassutvinnninga blir og sett på som eit fellesgode for det norske folk på same måte som vasskrafta var det.

Endringa med å gjera straumen om til ei vare som brød og brus i ein marknad, starta med energilova frå 1991. Då var det ein nordisk marknad. Men då Noreg vart med i EØS frå 1995, skulle det vera fri flyt i heile EU og EØS. Det som avgrensa den frie flyten, var mangelen på overføringskapasitet frå Noreg til den energihungrige marknaden i EU.

Eit fleirtal på Stortinget har vedteke EUs tredje energimarknadspakke og slutta Noreg til EU sitt energibyrå ACER. Det er òg bygd straumkablar med stor kapasitet både til Tyskland og England. Resultatet av dette merkar mange gjennom svært høge straumprisar.

Snart skal EUs fjerde energimarknadspakke til handsaming i Stortinget. Troms Nei til EU rår til at Stortinget ikkje sluttar seg til denne energimarknadspakken. Elektrisiteten produsert ved norske kraftverk skal vera eit gode for norske hushaldningar, norsk industri og norsk samfunnsliv.

Vegen ut av uføret er ikkje vidare integrering i EU sin energimarknad, men å starta på veggen attende til normale pristilhøve på straum. Troms Nei til EU meiner at Noreg må seie nei til EU sitt energisamarbeid med ACER, og starta arbeidet med å erstatta EØS-avtalen med ein normal frihandelsavtale med EU. Berre slik kan me vinna att den sjølvråderetten som me bit for bit har gitt frå oss til EU sidan 1995, då fleirtalet av stortingspolitikarane sa ja til EØS-avtalen.